

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023

**Søknad til Næringsfondet - Gårdbrukerservice Landbruk og Marina AS - Utvikle næringsvirksomhet knyttet til bygging, reoperasjon og service av marinaanlegg  
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjekt Utvikle næringsvirksomhet knyttet til bygging, reoperasjon og service av marinaanlegg vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

**Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:**

**Handsaming:**

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**ND- 024/23 Vedtak:**

Prosjekt Utvikle næringsvirksomhet knyttet til bygging, reoperasjon og service av marinaanlegg vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

**Bakgrunn:**

Gårdbrukerservice Landbruk og Marina AS er eit aksjeselskap. Bransje: 25.110 Produksjon av metallkonstruksjonar og deler. Registrert 21.06.2019.

Kjelde: Proff.no

**Saksopplysningar:**

Gårdbrukerservice Landbruk og Marina AS vart starta i 1981 og produserer og leverer golv og innreiing til landbruksbygg, samt marina med flytebrygger og tilhøyrande utsyr.

Selskapet har ni tilsette kor dei fleste jobbar i produksjon med sveising og montering i selskapet sitt fabrikklokale i Bøvågen. I 2022 hadde selskapet ei omsetning på 15,6 mill NOK.

Selskapet ønsker å satse på marina og leverer i dag norskproduserte marinaløysingar for norske forhold over heile landet. Selskapet har lang erfaring og kompetanse frå produksjon og montering av eigenproduserte produkt. Selskapet leverer eit bredt utval av standard og tilpassa løysingar med høg kvalitet produsert for lang brukstid.

**Om prosjektet:**

Gårdbrukerservice Landbruk og Marina arbeider kontinuerleg inn mot nye markadar, og marina er i sterk vekst med eit stort potensiale for vidare vekst for selskapet.

Verksemda har og eit pågåande strategiarbeid for å sikre ein organisk vekst i dei ulike marknadane.

Selskapet har no kjøpt ein 42 fots arbeidsbåt som kan brukast til større

oppdrag innan marinaanlegg langs kysten med vanskeleg tilkomst. Dette er ein stålbåt med baulem som gjer

det mogleg å leggje den til opp mot fjæresteinane og jobbe derfrå.

Båten treng modernisering, sikkerheitsutstyr og sertifisering for å kunne nyttast i næringsverksemd. Selskapet meiner dette vil bli eit viktig og populært tilbod til kundar med behov for denne type marinateenster langs kysten.

#### **Prosjektleveranse/Målsetting**

Båten vil gjere det mogleg for selskapet til å ta større marknadsandelar innan marinaområdet ved at ein kan tilby fleire tenester innan reperasjon og service og montering av større marinaanlegg. Dermed kan selskapet tilsette fleire i selskapet.

#### **Prosjektøkonomi:**

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Utvikle næringsvirksomhet knyttet til bygging, reperasjon og service av marinaanlegg</b>	800 000	400 000	50 000

#### **Vurderingsgrunnlag**

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Søknaden viser til at Gårdbrukerservice Landbruk og Marina ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for å få skape ny vekst i selskapet og gjeld i hovudsak støtte til investering i nytt utstyr, oppgradering og sertifisering. Ei slik utvikling vil bidra til vekst og arbeidsplassutvikling i verksemda og prosjektet stimulerer dermed til ei berekraftig næringsutvikling.

#### **Vurdering:**

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Gårdbrukerservice Landbruk og Marina viser til for utvikla nye tenester som skape vidare vekst i verksemda og dermed nye arbeidsplassar.

Etter ei vurdering samla sett er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer vekst i eksisterande verksemdar og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

#### **Vedlegg i saken:**

31.05.2023	Gårdbrukerservice Landbruk og Marina AS søknad	1935279
	24.04.23	
31.05.2023	Bilde 1	1935280